

Styret i Helse Førde HF
Postboks 1000
6807 Førde

Vår ref. 24/76-2	Dykkar ref.	Sakshandsamar Christian Sønstlien	Direktenr	Arkiv K1-000 - Organisasjon og administrasjon - Felles - Felles	Dato: 17.01.2024
----------------------------	--------------------	---	------------------	---	----------------------------

Uttale - nedlegging av tilbudet ved Tronvik

Administrasjonen i Helse Førde har framlegg om å avvikle drifta av Tronvik i Høyanger kommune frå 01.04.24. Helse Førde må spare 130 mill. kr. i 2024 – og kan spare netto 25 mill. kr. i drifta på nedlegging av Tronvik.

Tronvik har i dag 15 behandlingsplassar. Dersom Tronvik vert lagt ned, sit vi att med 10 behandlingsplassar ved Nordfjord psykiatrisenter som er øyremerkt denne målgruppa i heile helseføretaket. Lengre ventelister aukar risikoen for rusrelaterte dødsfall medan pasientar ventar på nødvendig behandling. Det vil og truleg verte høgare terskel for å søkje døgnbehandling då ein veit at terskelen for å få hjelp vert svært høg. Føreslegen nedlegging av Tronvik vil redusere talet på tilgjengelege døgnplassar i behandling.

Samstundes som det er foreslått nedlegging av Tronvik er vi og kjent med at Helse Vest kuttar ytterlegare i høve denne pasientgruppa ved å leggje ned ROP-posten i Helse Bergen. I staden for målsettinga om å auke dette tilbudet frå 8 til 16 plassar, tenkjer ein no å legge ned eit nyopna tilbud.

Vi torer å stille spørsmål om det er dei mest sårbare i samfunnet som skal betale prisen for kutt i vårt helseføretak?

Kommunane opplever allereie i dag at det er vanskeleg for denne brukargruppa å få plass og ei nedlegging vil, etter vår oppfatning, føre til betydelege ventelister for dei som søker hjelp. Ei nedlegging vil føre til at poliklinisk behandling blir det einaste alternativet for dei som ikkje vert vurdert som «sjuke nok», og spesielt utfordrande for dei som treng ei meir omfattande hjelp i form av døgnbehandling.

I Styringsdokumentet for Helse Førde av mars 2023 er hovudmål 1:

*«1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
Helseføretaka skal bidra til at menneske med psykiske lidingar og rusmiddelproblem får gode og likeverdige tenester, uavhengig av geografi.»*

Med ei nedlegging av tilbudet ved Tronvik er det det motsette som skjer. For mange kan det vere svært utfordrande å ta imot polikliniske tenester, fordi det mellom anna krev reise til og frå poliklinikk for å sikre kontinuitet og utbytte av behandlinga. Dette samsvarar ofte dårleg med dei behova som målgruppa har, der både døgnrytme og rusinntak gjer det svært



utfordrande å stå i denne behandlinga. Behandlinga krev tvert i mot fleksibilitet og individuell tilpassing. Omlag halvparten av pasientane på rusposten kjem frå eige føretak, altså frå «gamle» Sogn og Fjordane fylke.

I oppdragsdokumentet til Helse Vest, eigaren av Helse Førde, er psykisk helse og rusbehandling peika ut som satsingsområde.

Vil ikkje ei nedlegging av Tronvik vere i konflikt med det?

Sjølv i tider med økonomiske utfordringar, skal ikkje tilbod innan psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling råkast.

Med helsing

Christian Sønstlien
Ordførar

Kopi til:
Helse Førde v/styreleiar